
Saksnr: 2020/75517-1
Saksbehandlar: Ingrid Kristine Holm
Svendsen

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|--|-------------|------------|
| Finansutvalet | | 19.11.2020 |
| Administrasjonsutvalet | | 18.11.2021 |
| Hovudutval for kultur, idrett og integrering | | 25.11.2020 |
| Hovudutval for opplæring og kompetanse | | 25.11.2020 |
| Hovudutval for næring | | 25.11.2020 |
| Hovudutval for samferdsel og mobilitet | | 25.11.2020 |
| Fylkesutvalet | | 26.11.2020 |
| Fylkestinget | | 15.12.2020 |

Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 6/20

Forslag til innstilling

Budsjettdokumentet som vist i vedlegg til arbeidsdokument 6/20 er finansutvalet sitt framlegg til årsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021 -2024 for Vestland fylkeskommune med desse endringane:

Samandrag

Finansutvalet har det politiske ansvaret for budsjettprosessen, og utarbeider framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for Vestland fylkeskommune. Det vert lagt fram eit samla budsjettdokument som vedlegg til arbeidsdokument 6/20. Dette er i stor grad ei samanstilling av tidlegare framlagde arbeidsdokument i finansutvalet, tilhøyrande prosessvedtak. I tillegg til det som er presentert i tidlegare arbeidsdokument, er budsjettdokumentet supplert med innleiing, klimabudsjett, økonomiplan, budsjettreglement og finansielle måltal. Det vert og peika på gjenståande saldering og fordeling av summar i budsjettet som ikkje er disponerte. Det vert i saka lagt opp til at finansutvalet gjennom sitt vedtak gjer ei endeleg saldering av budsjettet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg:
Arbeidsdokument 6
Vedlegg til arbeidsdokument 6 - Budsjettdokument

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I det sjette arbeidsdokumentet til finansutvalet i 2020 har fylkesrådmannen fokus på følgjande moment:

- Budsjettdokument 2021 – økonomiplan 2021- 2024
- Handsaming av arbeidsdokument 6
- Nye moment arbeidsdokument 6
 - Investeringsbudsjett
 - Driftsbudsjett
- Oppfølging møte i finansutvalet
 - Totalbudsjett salderingstiltak opplæring
 - Gjenståande saldering og udisponerte budsjettsummar
 - Budsjett konsulentbruk og sjølvprofilering, inkludert skilting

Vurderingar og verknader

Økonomi: Sær viktig dokument for økonomiutviklinga i fylkeskommunen

Klima: Tiltak i økonomiplanen kan påverke klima

Folkehelse: Tiltak i økonomiplanen kan påverke folkehelse

Regional planstrategi: Utviklingsplan/regional planstrategi er ein viktig premiss for tiltak i økonomiplanen